

## Drypp-is

### Nødvendig utstyr:

- Is frå breen
- Fargestoff på flaske

### Førebu eksperimentet:

Her må ein ha ekte is frå breen, sidan denne inneheld luftboblar. Ein får ikkje same effekten dersom ein frys ned is sjølv.

### Gjennomføring:

Drypp farge på isen. Viss du ser sprekkar i overflata på isen må du prøve å treffe desse. Kvar tar fargen vegen?



### Forklaring:

Her skal ein dryppe farge på isen og sjå korleis fargen renn gjennom isen. Slik kan ein forstå korleis vatnet blir transportert gjennom isen, at det er same prosess som skjer i breen og som fører til at smeltevasskanalar blir danna.

### Aktuelle spørsmål:

#### 1. Korleis renn fargen gjennom isen?

- ⇒ Fargen renn ikkje gjennom isen.
- ⇒ Fargen renn att og fram inne i isen.
- ⇒ Fargen renn gjennom små kanalar i isen.

#### 2. Kvifor renn fargen gjennom isen?

- ⇒ Breis inneheld luftbobler og bitte små kanalar. Fargen renn frå kanal til kanal og kjem ut i botnen av isen.
- ⇒ Fargestoffet har for sterk farge til å fryse fast i isen.
- ⇒ Fargen renn gjennom luftboblene.

#### 3. Renn det mest vatn på breen om sommaren eller om vinteren? Kvifor?

- ⇒ Det renn mest vatn om sommaren når det er varmt og mykje smelting.
- ⇒ Det renn mest vatn på breen om vinteren når det er kaldt og liten smelting.
- ⇒ Det renn mest vatn om vinteren når det er kaldt og mykje smelting.

**Svar på spørsmåla:**

1. Fargen renn gjennom små kanalar i isen.
2. Breis inneheld luftbobler og bitte små kanalar. Fargen renn frå kanal til kanal og kjem ut i botnen i isen.
3. Det renn mest vatn om sommaren når det er varmt og mykje smelting.